




Sunnfjord
kommune



SLT

Samordning av lokale rus- og
kriminalforebyggende tiltak



Innhold:

Innleiing:.....	3
Organiseringa av SLT:.....	3
Politiråd:.....	3
Styringsgruppe:.....	4
SLT arbeidsgruppe:	4
Utvida SLT arbeidsgruppe:	4
Nettverksgruppe:	5
SLT-koordinator:	5
Barne- og ungdomsmiljøet:.....	6
Trender og utvikling:	6
Samandrag av Barne- og ungdomskriminalitet i Vest politidistrikt:	9
SLT i dette bildet:	11
Målgruppe og hovudfokus:.....	11
Sentrale aktørar i SLT arbeidet:	14
Samarbeid mellom SLT og skulehelsetenesta:	14
Innsatsområde for SLT i Sunnfjord kommune:	14
Tiltak innanfor dei prioriterte innsatsområda:	15
Årshjul for SLT:	17
Oppdatering av årshjul og tiltaksplan:	19



Innleiing:

SLT er ein Samordningsmodell for Lokale, førebyggjande Tiltak mot rus og kriminalitet. SLT sikrar at dei ressursane som alt finst hjå kommunen og politiet, blir meir samkøyrte og målretta. Arbeidet er forankra politisk og administrativt gjennom politirådet.

Målet er at barn og unge i Sunnfjord kommune skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av etatar og faggrupper. Modellen skal sørge for å koordinere kunnskap og ressursar mellom politi og relevante kommunale einingar. Også næringsliv og frivillige organisasjonar høyrer med i dette nettverket.

Ungdomsråd og elevråd ved kommunen sine ungdomsskular og vidaregåande skular blir orientert om SLT arbeidet, og får høve til å komme med innspel.

Fortløpande evaluering av arbeidet blir gjort av dei ulike nivåa i SLT-modellen. SLT-arbeidet skal samordne og koordinere dei ulike tiltaka og bidra til kunnskapsutvikling, kunnskapsoverføring og informasjon.

Organiseringa av SLT:

Politiråd:

Politirådet er eit formalisert samarbeid mellom kommune og politi på eit overordna og strategisk nivå. Målet er å samordne innsatsen ovanfor lokale utfordringar, der politiet og kommunen har ansvar og tiltak som kryssar kvarandre. Dette gjeld både førebyggjande, avdekkjande og iverksettjande tiltak.

Rådet består av:

Frå politi: politistasjonssjef og politikontakt

Frå kommune: ordførar, kommunedirektør, ass. kommunedirektør, kommunalsjef for kultur og idrett, kommunalsjef for skule, kommunalsjef for barnhage, kommunalsjef for helse og sosial, kommunalsjef for omsorg, kommunalsjef for teknisk og miljø, personalsjef og SLT-koordinator.

Politirådet er det øvste rådgivande organet for SLT-arbeidet i Sunnfjord kommune.

Politiråd har møte 2 gonger for året – vår og haust



Styringsgruppe:

Styringsgruppa har ansvar for mål og prioriteringar innanfor rus- og kriminalitetsførebygging i kommunen og innlemme dette i planverket.

Styringsgruppa skal ha den overordna oversikt over problem og utfordringar, og skal sette inn ressursar for målretta innsats i tråd med rammene, samt sikre at innsatsen blir koordinert på tvers av etatane.

Styringsgruppa består av:

Kommunalsjef for kultur og idrett, kommunalsjef for skule, kommunalsjef for barnehagar, kommunalsjef for helse og sosial, kommunalsjef for teknisk og miljø, politikontaktar, og SLT-koordinator.

Styringsgruppa har møte kvar 2.månad /etter behov.

SLT arbeidsgruppe:

- Arbeidsgruppa skal ha meir detaljer oversikt over kva som skjer i ungdomsmiljøet, både i forhold til enkeltungdom og grupper
- Arbeidsgruppa skal kunne handle raskt – melde oppover og nedover i systemet etter behov, og koordinere innsats på tvers av grunnskular, vidaregåande skular og fritid.
- Arbeidsgruppa har møte med aktuelle instansar innan næringsliv, utestadar, utleigarar, idrettslag og frivillige organisasjonar. Møta skjer ut frå kva utfordringar ein ser i ungdomsmiljøet, men gruppa har som mål å ha minimum eitt møte kvart år med dei mest sentrale aktørane. Dei ulike instansane er informert om at dei kan ta kontakt med representantar i SLT arbeidsgruppe dersom dei opplever utfordringar på sin arena.
- Arbeidsgruppa skal ha fast møte med teknisk etat min.1 gong pr. år for å sikre trygge nærmiljø. Plan- og bygningslova pålegg kommunar å ta kriminalitetsførebyggande omsyn i sine planprosessar.

Arbeidsgruppa består av:

Politikontakt, ungdomskoordinator, utekontakt og SLT- koordinator

Arbeidsgruppa har møte kvar veke, samt tettare ved behov.

Utvida SLT arbeidsgruppe:

- Bidrar med kunnskap og innspel for å avdekke problem og utfordringar
- Gjennomføre tiltak



Utvida arbeidsgruppa består av:

Einingsleiar og ass. einingsleiar helsestasjon, einingsleiar barnevern, einingsleiar psykisk helse og rus, einingsleiar legesenter, ass. einingsleiar NAV, utviklingskoordinator fagutvikling – representant for skule, samordningskoordinator, politikontakt, ungdomskoordinator kultur og ungdom, utekontakt og SLT-koordinator

Utvida SLT arbeidsgruppe har møte kvar 8. veke.

Nettverksgruppe:

Nettverksgruppa står for det direkte rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet – dei som er i direkte kontakt med barn og unge.

- Gjennomføre tiltak
- Bidrar med kunnskap og innspel for å avdekke problem og utfordringar
- Formidle ut kunnskap om sentrale samarbeidspartar som mellom anna konfliktrådet, overgrepsmottaket, barnehuset, Smiso...

Nettverksgruppa består av:

Politikontakt, ungdomskoordinator konfliktrådet, representantar frå ungdomskule, vidaregåande skule, utekontakt, ungdomskoordinator, kultur, barnevern, helsestasjon, psykiatrienesta, NAV, oppfølgingstenesta, folkehelsekoordinator.

Deltakarar i nettverksgruppa skal vere leiar for eininga, eller ha formalisert delegering frå leiing og/eller ha myndigheit til å sette i gang tiltak.

Etter kommunesamanslåinga i 2020 har SLT nettverksgruppe blitt stor, og ikkje fungert heilt etter intensjonen. Oppsøkande arbeid i skulane og utvida SLT arbeidsgruppe har på dei fleste område kompensert for nettverksgruppa. I 2026 vil SLT arrangere ein SLT fagdag i staden for nettverksamlingane.

SLT-koordinator:

- SLT-koordinator skal sikre at alle som driv med rus og kriminalitetsførebyggande arbeid møtes regelmessig, oppnår ein felles problemforståing og samordnar tiltaka.
- SLT-koordinator skal vere bindeledd, pådrivar og inspirator i SLT-nettverket.
- SLT-koordinator skal følgje opp konkrete mål som er fastsett av styringsgruppa, og handle på vegne av denne.
- SLT-koordinator skal ha fokus på at førebygging startar så tidleg som mogleg ut frå kommunen sitt fokus på «Tidleg inn» og «BTI (Betre tverrfagleg innsats)».
- Nøkkelord for SLT-koordinator:
 - Identifisere problemområde

- Innhente og formidle kunnskap
- Initiere tiltak – gje ansvar
- Aktiv samordning

Barne- og ungdomsmiljøet:

Trender og utvikling:

Folkehelseprofilen blir gitt ut av folkehelseinstituttet (FHI) kvart år.

Folkehelseprofilane er unike rapporter for kvart av landet sine fylke og kommunar. Folkehelseprofilen inneheld informasjon om befolkning, oppvekst og levekår, miljø, skader og ulykker, helserelatert åtferd og helsetilstand.

Folkehelseprofilen 2025 syner at Sunnfjord kommune ligg signifikant betre an enn landet som heilheit på dei fleste område. Færre familiar enn landsgjennomsnittet har vedvarande låg inntekt, men i snitt utgjer dette likevel 6.4% (alle aldra samla). 14% av elevane i Sunnfjord fell ut av vidaregåande skule, mot 19 % i snitt for Norge, og 6.6% av unge mellom 15-29 år står utanfor skule, utdanning eller jobb, mot 9,9% i snitt for landet. ([Folkehelseprofilen for Sunnfjord kommune 2025](#)).

Ung Data er eit spørjeskjemabasert verktøy som gjev eit breitt bilete av korleis ungdom har det, og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga blir gjennomført på skular over heile landet og nyttar eit standardisert og kvalitetssikra spørjeskjema som gjer det mogleg å samanlikne ungdommar sin situasjon på ulike stadar og over tid. Ung Data-undersøkinga blei sist gjennomført blant elevar på mellomtrinnet (5 – 7 klasse), ungdomskule og vidaregåande skule i Sunnfjord kommune våren 2024. Ung Data rapportane for 2024 ligg tilgjengeleg på Sunnfjord kommune si heimeside ([Ung Data 2024](#)).

Alkohol er det mest vanlege rusmiddelet blant barn og unge i Sunnfjord kommune. 4% av ungdommane svarer på Ung Data 2024 at dei har vore rusa på alkohol alt i 8. klasse. Bruken stig jamt gjennom ungdomskulen til 28% i 10. klasse. I 10 klasse er dette ein auke på 3% frå Ung Data i 2021. Bruken av alkohol er størst blant ungdom som får lov av foreldra å drikke alkohol (KoRus; Ung Data 2021).

Bruken av alkohol stig vidare jamt på vidaregåande skule til 83 % av elevane i 3. klasse. Ein såg ein auka trend i bruken av alkohol på vgs. frå Ung Data 2017 – 2021. Det er liten endring i alkoholbruk frå 2021 – 2024.

Ung Data nasjonalt viser at dei aller fleste norske ungdommar ikkje bruker narkotika. Samtidig viser det seg – i likskap med andre rusmiddel – at prosentdelen som har prøvd narkotiske stoff aukar etter kvart som ungdom blir eldre. På ungdomstrinnet er det vanlegvis få som har erfaringar med denne typen rusmiddel. Samtidig er det ein del som rapporterer at hasj eller marihuana er stoff dei har fått tilbod om. Blant elevar i vidaregåande er det derimot ein god del som har prøvd narkotiske stoff.



Prosentdelen som rapporterer å ha brukt narkotika, er ein del høgare blant gutar enn jenter (Ung data rapport 2025 – nasjonale trenar).

Som for resten av landet er det få elevar som gjev opp å ha brukt narkotiske stoff på ungdomskulen i Sunnfjord kommune. Sjølv om det er få, er det ein liten trend til at fleire har brukt narkotiske stoff, og 15% i ungdomsskulealder har fått tilbod om narkotiske stoff siste året.

Bruken av hasj og marihuana auka frå 6 -18% i 3. vgs. frå 2017 – 2021. I 2024 gav 11% i 3. vgs. opp å ha brukt hasj eller marihuana siste året. Sjølv om det var nedgang i 3. vgs. frå 2021 – 2024 var det ein auke frå 7 – 12% i 2. vgs.

Det har vore mykje fokus på bruken av kokain. 4.9% på Førde vgs. gjev opp å ha prøvd kokain. Det var berre elvar på vgs. som fekk spørsmål om bruk av kokain. Det har ikkje vore spørsmål om kokain på tidlegare Ung Data undersøkingar.

Ut frå innspel frå aktuelle aktørar (eigen rapport) og Ung Data trend kan ein ikkje sjå at det har skjedd ei stor endring i bruken av illegale rusmidlar blant barn og unge i Sunnfjord kommune. Alkohol er det mest brukte rusmiddelet.

Vi må likevel ta på alvor at det er ein liten auka trend i bruken av illegale rusmidlar, og at 15 – 20 % av ungdommane gjev opp å ha fått tilbod om slike stoff(Ung Data, 2024). Dette tyder på at det er tilgang på illegale rusmidlar i kommunen.

Nasjonale tal syner at etter ein periode på 2010-tallet, der omfanget av sjølvrapporterte psykiske plager auka ein del, er det ikkje lenger nokon aukane trend. Sett bort frå det spesielle pandemiåret har tala dei siste fem-seks åra heldt seg stabile blant gutar og jenter på ungdomstrinnet og blant gutar på vidaregåande. Blant jentene på vidaregåande har det vært ein forholdsvis markant nedgang sidan pandemien. Talet har ikkje vore lågare på ti år. Også tala for einsemd har gått ned blant jenter, både blant elevane på ungdomskulen og i vidaregåande opplæring. (Ung data rapport 2025 – nasjonale trenar)

I Sunnfjord kommune gjev 6 % av gutane og 18% av jentene i ungdomsskulealder opp å ha hatt mange psykiske plager siste 7 dagane. Prosenten stig jamt frå 8. til 10 trinn. Det er også ein liten samla auke frå 10% i 2021 til 12% til 2024. Vidaregåande skule følger meir den nasjonale trenden, og tala syner her ein liten nedgang i sjølvrapporterte psykiske plager frå 2021 til 2024.

Ung Data 2021; 2024) syner ein auka tendens til bruk av smertestillande tablettar (Paracet, Ibux eller liknande). Særleg jenter rapporterer om auka bruk. Det er også fleire som rapporterer om hovudverk og andre fysiske plager no i åra etter pandemien.

Nasjonalt blir det også trekt fram andre utviklingstrekk som gjev grunn til å bekymring. Årets mobbetal er dei høgste sidan Ung Data begynte å kartlegge dette for godt over ti år sidan. Andelen som har blitt utsett for vald frå jamnaldrane har også auka dei siste

åra. Det same gjelder kor mange som har vore i slåsskamp. Samtidig rapporterer fleire om mistrivsel på skulen og skulefråværstala aukar. Sjølv om de fleste ungdommar er lovlidige, er det eit stigande tal som rapporterer om nasking og hærverk (Ung Data rapport 2025 – nasjonale trenar).

Ung Data tal for Sunnfjord kommune syner at:

- 5 – 11 % av gutane og 20 – 21 % av jentene i ungdomsskulealder opplever så mykje stress og press i kvardagen at dei har hatt problem med å takle det (Ung Data 2024).
- Jenter er meir plaga av psykiske utfordringar enn gutar, og ungdom på vidaregåande er meir plaga enn ungdom på ungdomskulen. Tal ungdommar som gjev opp å ha følt seg ulykkeleg, trist eller deprimert siste veka syner ein klar auke i takt med opplevd dårleg familieøkonomi (Ung Data 2024).
- 5% av ungdommane i både ungdomsskule og vidaregåande skule har vore skada pga. vald siste året (2017).
- Rundt 50% av ungdommane har meir enn 2 timar skjermtid dagleg.
- 35% av ungdomskuleelevane og 51% av elevane ved vidaregåande deltar ikkje i nokon organisert fritidsaktivitet (2017, 2021).

På bakgrunn av funn i Ung Data 2021 oppsummerte KoRus Bergen risiko- og beskyttande faktorar slik:

Risikofaktorar
Tydeleg rusa på alkohol (alder, frekvens)
Bruk av cannabis
Opplevd mobbing
Psykiske helseplager
Grue seg til å gå på skulen
Opplevd vald
Opplevd dårleg familieøkonomi
Beskyttande faktorar
Organiserte fritidsaktivitetar
Fornøgd med livet
Fornøgd med foreldra
Minst ein fortruleg venn
Trivsel på skulen
Fritidsaktivitetar i eigen regi

Opplevd god familieøkonomi

Det er ikkje gjort tilsvarande analyse for 2024 tal, men faktorane er gjenkjennelege for oss som jobbar i feltet, og dei same faktorane blir trekt fram i faglitteratur og frå ulike kompetansemiljø (RTVS, Helsedirektoratet, KoRus).

Barneverntenesta i Sunnfjord fekk totalt 236 bekymringsmeldingar i 2023. Foreldre sin rusbruk, konflikt i heimen, vald i nære relasjonar og barnet si åtferd, var dei vanlegaste årsakene til bekymring. Innhaldet i meldingane var ofte komplekse og inneheld fleire bekymringsfaktorar. Dette er ei utvikling barneverntenesta har sett over tid. Meldingar om foreldre sine psykiske utfordringar auka i 2023. Det same galdt for foreldre sin kriminalitet. Barneverntenesta fekk 20 meldingar der meldar var bekymra for om barnet var utsett for fysisk vald.

Barneverntenesta ser ein auke i alvor og kompleksitet i meldingane. Politi, helsestasjonen og foreldre er dei aktørane som melder bekymring til barnevernet oftest (Tilstandsrapport – Sunnfjord barnevern 2023).

I 2023 vart 92 born avhøyrte ved Barnehuset i Førde med status som fornærma/vitne i overgrepssaker, i 2024 var talet 95 born, og så langt i 2025 (pr. 01.11.25) er 72 born avhøyrte (Tal frå Statens Barnehus).

Tal frå overgrepsmottaket i Førde viser at dei i 2023 hadde 54 saker, 73 saker i 2024 og 66 saker så langt i 2025 (pr. 21.11.25)

Skulehelsetenesta opplever ein stor auke i tal ungdom som tar kontakt i den opne kontortida på skulane. Psykiske utfordringar, einsemd, utanforskap, kroppspress og stressrelaterte lidningar er bakgrunnen for dei fleste kontaktane. Tenesta har også blitt kontakta av ungdom som har opplevd at bilde av dei blir delt på nettet. Fleire ungdomar har opplevd seksuelle overgrep. Det er ein høg terskel for ungdom å melde dette til politiet (Skulehelsetenesta 2024).

Samandrag av Barne- og ungdomskriminalitet i Vest politidistrikt:

Lokal trusselvurdering av 2025/2026 i Vest politidistrikt (27.10.25), viser til at i 2024 var rundt 1100 mindreårige mistenkt for lovbrót. Ein ser at mindre alvorlege lovbrót utgjer majoriteten av lovbrota, og ein ser ei auke i valdslovbrót blant unge.

Kjøpesenter og kollektivknytepunkt som bussterminalar og bybanestopp i Bergen, er særleg aktuelle "hotspots" for lovbrót. Det er meir eller mindre sementerte grupper av ungdom som utfører kriminalitet.



Busette på barnevernsinstitusjonar utgjer ei lita, men særleg bekymringsfull gruppe. Ein ser at det oppstår konflikhtar og rivalisering mellom enkelte grupperingar. Dei fleste ran skjer internt i ungdomsmiljø. Internran vert meldt i mindre grad. Motivet med ran, er ofte vinning, men også å bygge status og fryktkapital.

Dei fleste trussel, valds- og ranshendingar skjer spontant. Politiet er også kjend med at valds- og ranshendingar vert planlagt og arrangert mot utvalde mål.

I Sogn og Fjordane hadde ein 217 U18 saker i 2024, mot 178 saker i 2023. Lokalt i Sunnfjord hadde ein 98 saker i 2024, mot 96 saker i 2023. Så langt i 2025 (november 2025) er det ei lita auka.

Årsakene til at nokon ungdommar blir kriminelle er samansette. Fleire av førebyggjarane i politidistriktet har identifisert nokon bakanforliggende årsaker som går igjen blant ungdommane: personlege problem, negative opplevingar frå dei var yngre, forholdet til foreldre – spesielt fråvær av ein farsfigur. Fleire er også prega av manglande grensesetting. Utanforskap er eit fellestrekk for ungdommane som er mest kriminelt aktive.

Sosiale media spelar ei sentral rolle i unge menneske sitt liv. Mange bruker mykje tid på internett og sosiale media, og nettet erstattar noko av den tida ungdom tidlegare brukte saman fysisk. Brukarane av sosiale media blir yngre og yngre. Politiet erfarer at dei yngste har mindre forutsetning for å sjå konsekvensar av ting de skriv og sender til andre, verken kva det gjer med andre eller kva ein sjølv kan risikere.

Fleire førebyggjarar observerer meir mobbing og mange rapporterer om utbreidd bildedeling. Konflikhtar mellom enkeltpersonar blir lett forsterka når kommunikasjonen mellom dei skjer elektronisk i sosiale media. Ein ser også at bruken av KI (kunstig intelligens) blir brukt i forbindelse med manipulering og deling av bilete.

Førebyggjarar ved både større og mindre tenestestadar opplever ei tydeleg endring i ungdom sine haldningar til bruk av narkotika. I heile Vest politidistrikt blir det rapportert om ein langt større sosial aksept for bruk enn tidlegare, spesielt hasj, men til dels også sentralstimulerande stoff som særleg MDMA/ecstasy og kokain/amfetamin til festbruk i enkelte ungdomsmiljø.

I trusselvurdering 2025/2026 blir det uttrykt bekymring ovanfor ungdom som sel rusmidlar og vert rekruttert til kriminalitet.

Det er høg førekomst av omsetning av rusmidlar hos mindreårige. Fleire av dei mindreårige seljarane vert knytt til identifiserte eldre bakmenn og/eller kriminelle miljø. Det er også mindreårige som rekrutterer andre mindreårige, då primært til sal, oppbevaring og transport av narkotika. Ein ser at ein har mangelfull kunnskap om korleis mindreårige blir rekruttert.



Nokon førebyggjarar opplever ein usikkerheit blant ungdom om kva som faktisk blir omfatta av straffelova i forhold til seksuallovbrot. Dei alle fleste ungdommar har ei formeining om kva som er rett og galt, men ikkje nødvendigvis om kva som er straffbart. Ungdomskulturen blir påverka av blant anna ein seksualisert populærkultur, tilgang til store mengder materiale på internett, fleirtalsmisforståingar og delingskulturen på sosiale media. Dette kan gjere grensesetting utfordrande, og gråsoneproblematikken pregar seksuallovbrota blant ungdom. Politiet ser også at det finst grupperingar/miljø som er meir seksuelt utprøvande enn andre.

Trusselvurdering 2025/2026 peiker på at det er auka rapportering av saker der born sel eigenprodusert seksualisert materiale til vaksne via internett. Det er rapport tilfelle der byttetransaksjonar skjer i form av narkotika eller alkohol. Dette kan føre til eskalering; seksuell utpressing, grovare materiale og at det fører til fysisk møte.

Politiet erfarer at ein del ungdommar er yngre når dei startar på sin kriminelle løpebane samanlikna med tidlegare. Dei mest aktive ungdommane er involvert i fleire typar kriminalitet, her under narkotika, vald, truslar og ordensforstyrringar. Spesielt i Bergensområdet ser politiet at dei mest kriminelt aktive ungdommane finn kvarandre, til tross for geografiske avstandar. Førebyggjarane peiker på sosiale media som ein forklaring. Det er ikkje uvanleg at ungdom har eit nettverk langt utanfor sitt eige geografiske nærområde. Tidvis får politiet kunnskap om at ungdomsmiljø/grupperingar/problemområde som kan knytast til kriminalitet på tvers av bydelar/kommunar er i framvekst. Førebyggjande innsats blir derfor retta mot disse, og tiltaka varierer ut frå kva utfordringar som blir identifisert.

Trusselvurderinga 2025/2026 omtalar også CAAS – crime as a service, som eit utviklingstrekk. Crime as a service viser til at kriminelle tenester blir seld som bestillingsvarer på digitale plattformer. Aktørane varierer i alder, geografi og ferdigheiter. Bestillar og utførar kjenner kvarandre ikkje, og utviklinga viser at ungdom blir utnytta som "lavrisikoressursar". Ein blir brukt til pengeveksling, kvitvasking, transport, torpedoverksemd og hacking. CAAS mogeleggjjer i verste fall bestillingsdrap.

Lokalt ser ein også at mindre alvorlege lovbrota utgjer majoriteten av lovbrota. Det er viktig at ein lokalt har kunnskap og kompetanse om trendar og utvikling som ein ser i resten av distriktet. På denne måten vil førebygginga vere meir målretta og treffsikker.

SLT i dette bildet:

Målgruppe og hovudfokus:

Hovudmålgruppa for SLT er barn og unge i alderen 12-20 år. Hovudfokus er å førebygge rus og/eller kriminalitet i staden for å reparere.



Det førebyggjande arbeidet innan rus og kriminalitet spenner over mange sektorar i kommune, fylke, stat, frivillige og private organisasjonar. Mange tiltak blir gjennomført innanfor ulike einingar sitt ordinære arbeid.

Gjennom SLT-nettverket ønsker ein å oppnå effektive tiltak for barn og unge, der alle partar har ein felles forståing av problema, og korleis dei best kan bli løyst. Gode, systematiske og tverrfaglege tiltak bidrar til at nasjonale og kommunale målsettingar og strategiar innan fagfeltet blir nådd.

Å gje barn og unge trygge og gode oppvekstvilkår er eit av samfunnet sine viktigaste oppgåver.

[Kommuneplanen sin samfunnsdel](#) (2022-2030) seier noko om kva verdiar vi jobbar etter i Sunnfjord kommune, og er ei viktig rettesnor i det førebyggjande arbeidet. Fokuset på barn og unge er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel, der trygge og gode oppvekstvilkår er eit av satsingsområda. Dette er eit grunnlag som forpliktar kommunen i forhold til korleis dei innrettar tenestene sine.

Sunnfjord kommune har fleire temaplanar for barn og unge. Desse planane skal bygge vidare på mål og strategiar i kommunedelplanen. Spesielt sentral for SLT er «[Førebyggjande plan for barn og unge 2024 - 2030](#)»

Sunnfjord kommune har vedtatt at førebygging av vald i nære relasjonar skal implementerast i «[Temaplan for folkehelse](#)» Planen skal vere klar for vedtak i kommunestyre i februar 2026.

Sjølv om hovudfokuset for SLT er aldersgruppa 12-20 år, er SLT bevisst på at førebygging må starte heilt frå svangerskap, og ha kontinuerleg fokus gjennom heile oppveksten for barn og unge. SLT har derfor trekt sentrale aktørar for tidleg intervensjon inn i SLT nettverksgruppe og styringsgruppe.

Sjølv om ungdom i Sunnfjord syner betre trivsel, rusar seg mindre og har lågare kriminalitet enn gjennomsnittet for landet men vi må likevel stadig vere merksame på gruppa som opplever negative faktorar i livet sitt. Disse faktorane må bli sett i samanheng og bør utgjere ein vesentleg del av SLT sine satsingsområde i åra framover ([Folkehelseprofilen for Sunnfjord kommune 2025](#)).

Eit trygt og godt oppvekstmiljø for barn og unge er eit miljø som er positivt, inkluderande og utviklande. Det haldningsskapande arbeidet som blir gjort i barnehagar og skular er viktige bidrag i denne samanhengen. Eit godt barnehage- og skulemiljø er med på å prege barn og unge sine haldningar både i barnehage- og skulekvardagen og på fritida.

At elevar fell ut av skulen er ein av dei største risikofaktorane i forhold til rus og kriminalitet. Å samarbeid tett med skulane og andre hjelpeinstansar



for å hindre fråfall, vil vere eitt av dei viktigaste innsatsområda for SLT-arbeidet.

Mellom 35 – 55% av ungdomane er ikkje med på nokon organisert aktivitet i fritida. Vi veit ikkje alltid kva som er bakgrunnen for dette. Det kan vere eige ønske, interesser, avstandar, økonomi m.m. Mange ungdommar bruker mykje av fritida si på å vere sosial på nett.

Fokus for SLT vil her fyrst og fremst vere dei ungdommane som opplever å vere einsame og/eller har psykiske utfordringar.

SLT har siste åra hatt fokus på digital mobbing og bruk av sosiale media. UngData syner at dei fleste ungdommar bruker mange timar kvar dag på å vere sosial på nettet. Ut frå meldingar frå både politi og einingar i kommunen om negative hendingar på nettet, må dette også framover vere eit sentralt område for SLT. Politikontakt og utekontakt har gjennomført undervisningsopplegget «Delbart» til elevar og foreldre på 7.klassetrinn. Frå våren 2026 blir opplegget flytta til 6 klassetrinn, etter evaluering og tilbakemeldingar om behov for å komme tidlegare inn.

Rapportar frå politiet syner ein tendens til ei endring av bruk og haldning til rusmidlar. Politiet har mellom anna avdekkja fleire tilfelle av ruskøyring blant unge, der det er brukt av andre rusmiddel enn alkohol.

SLT prøver å halde seg oppdater gjennom politi, utekontakt og kontakt med utestadane om kva enkeltungdommar og grupper som oppheld seg i sentrum. SLT må her kunne handle raskt om endringar i miljøet tilseier dette.

SLT har laga oversikt og etablert kontakt med dei som har lokale til utleige. Ein har her fått på plass felles rutinar for vakthald når ungdom leiger lokale. Utleigar skal også gje beskjed til politiet når ungdom leiger lokale. Politiet som har vakt kan då ha høve til å legge runda si innom utleigestaden.

SLT må framover ha eit ekstra fokus på auka bruk av cannabis. Nova peikar på at denne gruppa skil seg negativt ut på alle områder. Innsatsen må rette seg både mot heile fokusgruppa for SLT, men det vil vere ekstra viktig at denne trenden ikkje spreier seg nedover til ungdomsskulealder.

Det førebyggjande arbeidet innan rus og kriminalitet må også bli sett i lys av:

- Levekår, sosial arv og oppvekst
- Integrering
- Motivasjon

- Overgangsfasar

Det er innarbeidd rutinar for rusførebyggjande arbeid til både ungdomskule og vidaregåande skule i :

- SLT årsplan
- Førebyggjande plan for barn og unge

Dette arbeidet må halde fram, og i evalueringa må ein ta stilling til om nokre av innsatsane bør starte tidlegare enn i dag.

Sentrale aktørar i SLT arbeidet:

Politikontakt:

Som eit ledd i politireforma er det tilsett eigen politikontakt i Sunnfjord kommune.

Ungdomskoordinator:

Er tilsett i eininga Kultur og idrett, og er dagleg leiar for ungdomsklubbane i kommune og Dans utan grenser. Kommunekontakt for ungdomsrådet og arrangør av UKM.

Utekontakt:

Er tilsett i BUFA (Barn-, unge- og familiestøtte) med fokus på forebyggjande arbeid barn og unge 13- 23 år.

Jobbar med enkeltungdom og med grupper av ungdom.

Jobbar dag og kveldstid etter oppsett turnus, og har fokus på fritid, skule og heim.

Samarbeid mellom SLT og skulehelsetenesta:

SLT samarbeider og samordnar undervisning til skulane med skulehelsetenesta: Gjennom skulehelsetenesta har alle grunnskular og vidaregåande skular i Sunnfjord fast helsesjukepleiar tilknytt skulane. Dei store skulane har fast open konsultasjonstid.

Skulehelsetenesta og SLT har laga ein felles oversikt over undervisning og føredrag til dei ulike klassetrinna samt til foreldremøte. Foredrag oversikt SLT og skulehelsetenesta.docx. Denne oversikten blir sendt ut til skulane ved skulestart kvar haust.

Innsatsområde for SLT i Sunnfjord kommune:

1. Kunnskap, informasjon, metode- og kompetanseoverføring
2. Sikre trygge og inkluderande skular – motivere til nærvær og motverke fråvær.
3. Arbeide tverrfagleg og systematisk med tiltak for sårbare barn og ungdommar.
4. Generell førebygging med spesiell fokus mot enkelte målgrupper og arenaer
5. Bruk av sosiale media og førebygging av digital mobbing.
6. Førebygging av seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar

7. Tett og målretta oppfølging av unge lovbrytarar, gjengangarar og rusproblematikk
8. Førebygging, beredskap og oppfølging av radikalisering, valdeleg ekstremisme og hat kriminalitet

Tiltak innanfor dei prioriterte innsatsområda:

Punkta under er ikkje utfyllande, og omtaler ikkje alle rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak som er innarbeidd i dei ulike einingane sitt ordinære arbeid. Det er viktig å framheve at innarbeidde tiltak som ligg fast i einingane er noko av grunnstammen, som gjer at vi kan lukkast med førebyggjande arbeid. Meir fullstendig oversikt kjem fram i dei ulike einingane sine planar.

Innsatsområde 1: Kunnskap, informasjon, metode- og kompetanseoverføring.

Tiltak:
Delta med undervisning og informasjon til elevar og føresette etter oppsett SLT årshjul.
Aktuelle tema på SLT fagdag / nettverksamling (innlegg frå sentrale samarbeidspartar, referat frå konferansar...)
Oversikt og initiativ for at sentrale aktørar får delta på aktuelle konferansar (PKF, mentor utdanning)

Innsatsområde 2: Sikre trygge og inkluderande skuler – motivere til nærvær og motverke fråvær

Tiltak:
Samarbeid med skulane direkte og gjennom SLT nettverksgruppe
Oppsøkande arbeid i skulane 13-19 år - Å vere i dialog med ulike ungdommar i kommunen - Etablere tillitsforhold til utsette grupper - Kartlegge/bygge opp kunnskap om risikogrupper -
Delta i prosjektgruppe til «Skulefråværsprosjektet til Sunnfjord kommune».
I samarbeid med skulane og andre hjelpeinstansar, kontakte BUFA på der ungdom fell ut av skulen.
Delta med informasjon til elevar og føresette etter oppsett plan i årshjulet for SLT.

Innsatsområde 3: Arbeide tverrfagleg og systematisk med tiltak for sårbare barn og ungdommar.

Tiltak:

Bruke Sunnfjord kommune sin BTI-modellen som «rammeverk» for arbeidet.

Samordne, systematisere og koordinere arbeidet gjennom nivåa i SLT modellen

Innsatsområde 4: Generell førebygging med spesiell fokus mot enkelte målgrupper og arenaer.**Tiltak:**

Sunnfjord kommune har i dag 2 kommunalt drifta ungdomsklubbar; Førde og Naustdal. I tillegg er det oppretta 4 frivillig drifta ungdomsklubbar; Sande, Skei, Vassenden og Viksdalen med kommunale oppstartsmidlar.

«Velkommen til skulestad Førde – Sunnfjord kommune». Informasjon til ungdom som flytter på hybel.

Planlegge russefeiringa i tett dialog med rusen etter oppsett i årshjul

«Grill and chill». Gratis aktivitetar i ferier

«Ung jobb» - Sommarjobb for ungdom 15 – 17 år.

Lokaltransport (LTU) for ungdom, 13-19 år. Kommunale transportmidlar ein kan søke på til-frå fritidsaktivitetar

UKM heile året- Workshop og festival for ungdom med ulike kulturelle uttrykk som kunst, musikk, dans, drama

Dans Uten Grenser- lågterskel/kost tilbod for barn og ungdom 6-19 år drifta av ung instruktørar og ungdomsklubbane

Sunnfjord kommune som ABC kommune- Fått midla retta mot hybelbuarar

Innsatsområde 5: Bruk av sosiale media og førebygging av digital mobbing.**Tiltak:**

Gje informasjon til elevar og føresette etter oppsett årshjul – «Delbart» til 6. klassetrinn,

Kommunal rettleiar for å motverke skadeleg bruk av digitale media

Innsatsområde 6: Førebygging av seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar.

Tiltak:

Gje informasjon til elevar og føresette etter oppsett årshjul.

- «Delbart»

Følgje tiltak i «Temaplan for folkehelse». Som omhandlar førebygging av seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar.

Innsatsområde 7: Tett og målretta oppfølging av unge lovbrytarar, gjengangarar og rusproblematikk.

Tiltak:

Oppsøkande arbeid

Bekymring samtale

Ungdomsoppfølging og ungdomtaffstraff gjennom Konfliktrådet

Sikre kontakt med ungdomskoordinator i konfliktrådet

Råd og rettleiing til personale som jobbar med barn og ungdom

Innsatsområde 8: Førebygging, beredskap og oppfølging av radikaliserings, valdeleg ekstremisme og hat kriminalitet.

Tiltak:

Holde kontakt med einingar som jobbar tett opp mot risikogrupper

Få utdanna nye mentorar, og at mentorar får delta på relevante kurs og konferansar for å halde seg oppdatert på området.

Kontakt med sentrale aktørar innan miljøet/moskeen.

Kompetanse til personale som jobbar med ungdom,

Årshjul for SLT:

- SLT styringsgruppe har fast møte 2 ggr. pr.1/2 år.
- SLT arbeidsgruppe har faste møte kvar veke, samt oftare ved behov.
- Utvida SLT arbeidsgruppe kvar 8. veke

- Oppsøkande arbeid i skulane etter oppsett plan,
- Politipatruljen ekstra fokus på skulane. Fast kontortid på vgs.
- Kontakt med nærmiljøråda i dei ulike distrikta etter behov
- Oppsøkande arbeid på arena der ungdom oppheld seg ved politi og utekontakt

August:

- Ung jobb v. 31-32
- Velkommen til skulestad Førde og Sunnfjord kommune – informasjon til hybelbuarar
- Grill and chill aktivitetar
- Møte/kontakt sentrale aktørar nærings- og uteliv
- Aksjon skulestart – trafikk ved politi

September:

- Start oppsøkande arbeid i skulane (eige oppsett gjennom heile skuleåret)
- Evaluering Ung jobb

Oktober:

- Oppdatering/fokus på radikaliserings, valdeleg ekstremisme og hat kriminalitet
- Grill and chill - haustferien
- Markering «Verdensdagen psykisk helse» -
- Møte mellom russestyret i kommune og politi i høve planlegging russetid

November:

- Politiråd
- Starte planlegging «Ung jobb» - eiga arbeidsgruppe og årshjul
- Rusføredrag til 9. klasse til elevar og føresette

Januar:

- Russeforeldremøte med val av foreldrerrepresentantar/foreldregruppe

Februar:

- «Delbart» - nettvett til elevar og foreldre i 6. klasse ved politiet og utekontakt.
- Søknadsfrist midlar konfliktrådet (radikaliserings og valdeleg ekstremisme)
- Grill and chill – vinterferien

- 
- Møte/orientering om SLT til ungdomsrådet

Mars:

- SLT fagdag
- Planlegging russefeiring
- Kontakt RK – nattevandring/russetid

April:

- Førebyggande dag for russen
- Møte med teknisk etat ang. trygge nærmiljø – vurdere m.a. behov tryggleiksvandring
- SMS/e-post føresette ungdomskular - i høve russetida

Mai:

- Politiråd
- Oppfølging russetid

Juni:

- Ung jobb (15-17 år) – 2 fyrste vekene etter skuleslutt (Aug.)
- Gjennomgang og evaluering av årshjul og tiltaksplan

Oppdatering av årshjul og tiltaksplan:

Årshjul og tiltaksplan skal bygge på overordna vedtak gjort i politiråd. Årshjul og tiltaksplan skal ha ein gjennomgang og evaluering i SLT-arbeidsgruppe kvar haust, og leggest fram for SLT styringsgruppe.

